



# Fiskeri- og sikkerhetsfaglig Forum (FosFor)

Bidragstyper til å rekruttere dyktige yrkesutøvere til fiskerinæringa

Det Kongelege Nærings- og Fiskeridepartement  
Postboks 8118 Dep  
0332 OSLO

## Høyringsuttale – endring av ordninga med undervisningskvotar – lærlingkvote

Det er vanskeleg å være ueinig i den uttalte hensikta med dette forslaget, nemleg å styrke rekrutteringa til sjømatnæringa og å styrke kvaliteten på opplæringa. Men både i høyringsbrevet datert 05.06.14 med ref. 14/3441-6 og i saksframstillinga i Pressemelding Nr.: 60/2014 av 10.06.14 på NFD si heimeside framkjem det argument som vi har synspunkt på.

### Mangel på lærlingplassar?

Dette er eit hovudargument for framlegget og kan nok være eit problem, slik fiskeriministeren seier i pressemeldinga, for kystflåten i einskilde delar av landet. I store delar av fiskerinæringa elles i landet er tilgangen på læreplassar god. Der er det ikkje tilgangen på læreplassar som avgrensar rekrutteringa, men ungdommen sitt val av utdanning. Det er ei utfordring som krev heilt andre verkemiddel enn innføring av lærlingkvote. Vi er derfor usikre på om dei verkemiddel høyringsbrevet legg opp til vil være gode verkemiddel for å nå målet om auka rekruttering når ein ser fiskerinæringa i heile landet under eitt.

### Økonomisk stimulering

Høyringsframlegget går inn for å stimulere fleire fartøy og reiarlag til å ta inn lærlingar ved å gje den einskilde lærlingen med i bagasjen ein kvote med verdi kr 30 000. Ein vil med andre ord auke lærlingtilskottet til denne næringa med kr 30 000 finansiert gjennom reduksjon av den totale kvoten til fordeling. For kystflåten i delar av landet kan det sikkert være gode grunner til å gjøre nettopp dette. Om ei slik omfordeling av kvotar til ein samla verdi på 4,2 millionar kroner for å få fram fleire læreplassar er ei god ordning for fiskerinæringa under eitt vil vi overlata til næringa sjølv å kommentere.

Men måten ein vil gjøre det på kan føre inn i nytt og ukjent farvatn. I innleiinga til høyringsbrevet er det slått fast at dagens undervisningskvotar «ikkje blir tildelte for å finansiere fartøydrift eller undervisning i og for seg». Slik vi ser det vil tildeling av lærlingkvote først og fremst være eit økonomisk stimuleringstiltak for å framskaffe fleire opplæringsplassar om bord. Innføring av lærlingkvotar vil slik klart bryte med prinsippet om ikkje å finansiere fartøydrift eller undervisning gjennom kvotetildeling.

### Betre praksisopplæring?

I saksframstillinga i pressemeldinga finn vi at «Målsettingen med forslaget er å styrke den fiskerifaglige undervisningen ved å gi elevane mer innblikk i praktisk fiske». Vidare er



# Fiskeri- og sikkerhetsfaglig Forum (FosFor)

Bidragster til å rekruttere dyktige yrkesutøvere til fiskerinæringen

fiskeriministeren sitert på at «Ordnungen vil gjøre det mer attraktivt å ta imot lærlinger, samtidig som den enkelte lærling får en mer realistisk erfaring med fiskeryrket».

Vi vil her først peike på at det er tenleg å halde frå kvar andre omgrepa «elev» og «lærling», slik at elev tyder ein elev i skule, medan lærling tyder ein som har avslutta skulegangen og har starta på læretida i bedrift.

At ei ordning med lærlingkvote vil gje lærlingen «meir innblikk i praktisk fiske» eller «en mer realistisk erfaring med fiskeryrket» har vi vondt for å sjå. Lærlingen er jo mannskap om bord på ein fiskebåt gjennom begge åra av læretida. Og om bord er det nettopp opplæring gjennom praksis som skjer i heile læretida. Ein lærlingkvote vil difor berre gje lærlingen meir praktisk erfaring dersom båten sitt kvotegrunnlag elles ikkje gjev rom for full drift. Og sjølv då vil ein kvoteverdi på kr 30 000 utgjøre lite i auka driftstid for båten og der igjennom auka praksistid for lærlingen.

Etter vårt syn vil ein få mykje meir igjen i form av auka praksisopplæring fram til fagbrev ved å auke dei ordinære undervisningskvotane som vert tildelt får skulane. Samanliknar ein storleiken på framlegget til lærlingkvote med den mengda fisk ein elev i skulen får til praksisopplæring gjennom undervisningskvotane, ser det slik ut for dei sentrale fiskeslaga torsk og hyse:

- Torsk: Lærling 4 000 kg over 2 år  
Elev 10 800 kg : 30 elevar = 360 kg pr. elev pr. skuleår
- Hyse: Lærling 4 850 kg over 2 år  
Elev 7 200 kg : 30 elevar = 240 kg pr. elev pr. skuleår

Tala er rekna ut frå den faktiske tildelinga for skuleåret 2013-2014 til ein skule med 1 klasse (15 elevar) på Vg1 Naturbruk og 1 klasse (15 elevar) på Vg2 Fiske og fangst.

Når det i høyringsbrevet heiter at «fleire har peika på at det vil vere positivt om undervisningskvotar i større grad kan knytast opp mot den enkelte eleven», så er det uttrykk for at ein auke i elev- og klassetal ved skulane ikkje i tilstrekkeleg grad gjør utslag i kvotetildelinga. Vi kan ikkje sjå at eit ønskje om større samsvar mellom elevtal og kvotetildeling kan takast som eit argument for ei ordning med lærlingkvotar. Til det er elevane og lærlingane sin situasjon og ramevilkår rundt opplæringa for ulike.

## Omfang og konsekvens

Dersom ein trass alt finn å innføre ei ordning med lærlingkvotar slik høyringa legg opp til, er vi heilt samde i formuleringane i høyringsbrevet der det heiter at då «må kvantumet til undervisningskvotar aukast monaleg» og at «det kan bli behov for å auke nivået når det i desember 2014 skal tildelast undervisningskvotar for skuleåret 2015/2016».

Det vil være ei ulukke både for rekrutteringa og det samla praksisinnhaldet i opplæringa av framtidige fiskarar om tildelt kvantum til skulane går ned som følge av ei innføring av lærlingkvote. Det vert inga god praktisk opplæring i fiskeri av å teikne fisk på tavla. Og ryktet



# Fiskeri- og sikkerhetsfaglig Forum (FosFor)

Bidragster til å rekruttere dyktige yrkesutøvere til fiskerinæringa

om ei slik teoretisert opplæring vil avskrekke praktisk interessert ungdom frå å søke eg til denne næringa. Ein eventuell lærlingkvote må difor fullt ut kome som eit tillegg til dagens under-visningskvotar tildelt til skulane.

## Oppsummering

- Framlegget om lærlingkvotar ser vi som eit framlegg om reint økonomisk stimulering gjennom auka lærlingtilskott. Om ein i samråd med næringa finn eit slikt auka lærlingtilskott tenleg, ser vi ikkje at det er hensiktsmessig å gje dette tilskottet som ei tildeling av kvote dersom det ikkje er eit hovudpoeng å innføre ei form for omfordeling i fiskeflåten mellom dei som tar inn lærlingar og dei som ikkje gjør det.
- Auka kvote for auka kvalitet i opplæringa gjennom meir innblikk i praktisk fiske er eit klårt større poeng i skulen enn i læretida, av di læretida allereie fullt ut er praksis-opplæring. Det vil difor gje større samla praksisgevinst å auke tildelinga til skulane framfor å innføre ei ordning med lærlingkvote.
- Om ei ordning med lærlingkvote vert innført, må den samla kvoten til skule og lærlingar aukast like mykje som det kvantumet lærlingkvoten utgjør. Dersom innføring av lærlingkvote skjer heilt eller delvis gjennom reduksjon av kvote til skulane, vil det føre både til ei svekking av samla praksisinnhald og kvalitet i utdanninga og til svekka omdøme og lågare rekruttering til næringa.

Ålesund, 18.07.2014

**Åge Birger Hofseth** (sign.)  
Styreleder FOSFOR

[Age.Birger.Hofseth@mrfylke.no](mailto:Age.Birger.Hofseth@mrfylke.no)

Tlf.: 70 03 43 25

Mob.: 900 85 480